



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

Aukra, 26. april 2017

Til medlemmene i kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

MØTE NR.: 2/17

TID: 3.5.2017 kl. 09:30

STED: Kommunestyresalen, Aukra kommunehus

SAKSLISTE:

UTV. SAKSNR. TITTEL

- | | |
|----------|---|
| PS 11/17 | GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8. FEBRUAR 2017 |
| PS 12/17 | REFERAT OG ORIENTERINGAR |
| PS 13/17 | AUKRA KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2016 |
| PS 14/17 | OPPFØLGINGSLISTE |
| PS 15/17 | EVENTUELT |

Dersom det er saker kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i seinare møte, kan dette gjerast under **Eventuelt**.

Eventuelle forfall vert melde på tlf. 71 11 15 79, evt. mobil 91 37 11 12.

E-post: jane.anita.aspen@molde.kommune.no

Innkallinga går som melding til varamedlem som vert innkalla etter behov.

Oddvar Hoksnes (s)
leiar

Jane Anita Aspen (s)
daglig leder

Kopi:

Ordfører

Rådmann

Møre og Romsdal Revisjon IKS



Saksframlegg

Utvalssaksnr	Utval	Møtedato
PS 11/17	Kontrollutvalet	3.5.2017

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 8. FEBRUAR 2017

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 8. februar 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

Bakgrunn for saka

Vedlagt følger protokollen frå førre møte. Protokollen er tidligare utsendt. Det er ikkje kome merknader til protokollen.

Protokollen vert formelt godkjent i påfølgande møte samtidig som det vert valt to medlemmer til å signere protokollen.

Jane Anita Aspen
daglig leder



KONTROLLUTVALET I AUKRA KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Møte nr:	1/17
Møtedato:	8.2.2017
Tid:	Kl. 09.30 – kl. 15.20
Møtestad:	Møterom kommunestyresalen, Aukra kommunehus
Sak nr:	01/17 – 10/17
Møteleiar:	Ole Rakvåg, nestleiar (H)
Møtande medlemmer:	Oddbjørg Sporsheim (V) Håkon Inge Sporsheim (Frp) Wilhelm Andersen (Ap)
Forfall:	Oddvar Hoksnes, leiar (Krf)
Møtande vara:	Jørgen Svenheim (Sp)
Ikkje møtt:	Ingen
Frå sekretariatet:	Jane Anita Aspen, daglig leder
Frå revisjonen:	June Beøy Fostervold, regnskapsrevisor (under sak 03/17-05/17, OS 06/17 og OS 07/17) Einar Andersen, forvaltningsrevisor
Av øvrige møtte:	Rannveig Høgshaug Sporsheim, personalsjef (under sak 06/17) Geir Göncz, kommunalsjef (under OS 02/17) Jan Erik Hovdenak, kommunalsjef (under OS 01/17 og OS 09/17) Terje Urdshals, utbyggingssjef (under sak 03/17) Gerd Nerbø, prosjektleiar (under sak 03/17) Aaslaug Søreide, Servicesjef (under sak 04/17)

Protokollen vert formelt godkjent i neste møte

Nestleiar Ole Rakvåg ønska velkommen og leia møtet.

Det vart framsett følgjande forslag om endring i rekkefølge på behandling saker: 06/17 vert handsama først i møtet, vidare at orienteringane frå administrasjonen vart halde, så sak 03/17 og 04/17.

Det framkom ingen merknader til innkallinga.

Innkalling og sakliste vart godkjent med desse endringane.

TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 01/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.NOVEMBER 2016
PS 02/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 03/17	VATN-UTSKIFTING AV ASBSTSEMENTRØR SANDEN-HUKKELBERG. SLUTTREKNESKAP.
PS 04/17	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INFORMASJONSSIKKERHET I AUKRA KOMMUNE»

PS 05/16	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016
PS 06/17	KONTAKT TIL KONTROLLUTVALET - TILSETJINGSRUTINAR
PS 07/17	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016
PS 08/17	MØTEPLAN FOR 2017
PS 09/17	OPPFØLGINGSLISTE
PS 10/17	EVENTUELT

PS 01/17	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21. NOVEMBER 2016
-----------------	--

Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 21. november 2017 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Ole Rakvåg
2. Oddbjørg Sporsheim

Kontrollutvalet si handsaming

Ole Rakvåg og Oddbjørg Sporsheim vert peika ut til å underskrive protokollen.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles tilråding frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Protokollen frå møte 21. november 2016 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1.
2.

PS 02/17	REFERAT OG ORIENTERINGAR
-----------------	---------------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Referatsaker:

RS 01/17 **Søknad om fritak frå vervet som medlem i kontrollutvalet i Aukra kommune for resten av perioden 2015-2019 - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2016, K-sak 116/16.**

- RS 02/17 **Revidering av delegeringsreglement for Aukra kommune** - saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2016 , K-sak 113/16.
- RS 03/17 **Val av nytt medlem og varamedlem til representantskapet i Møre og Romsdal Revisjon IKS for resten av perioden 2015-2019** – saksprotokoll frå Aukra kommunestyre 13.12.2016 , K-sak 117/16.
- RS 04/17 **Referat fra konstituerende representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 14.11.2016.**
- RS 05/17 **Referat fra representantskapsmøte i Møre og Romsdal Revisjon IKS, 10.1.2017** vart delt ut i møte.
- RS 06/17 **Protokoll frå møte i styret for Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal** 30.11.2016.

Orienteringssaker:

- OS 01/17 **Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune**, sak frå oppfølgingslista – kontrollutvalet har bede rådmannen om ny statusrapport i dagens møte
 Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet.
 Hovdenak seier at organisering med deling av institusjonsbaserte og heimebaserte tenester er på plass og fungerer godt.
 Han understrekar likevel at det er mykje kontakt mellom einingane og at dei til dømes har kvar veke har felles forvaltningsmøte mellom einingane. Dette møtet er samkjørt med legevisitten, slik at kommunelegen også kan delta.
 Kommunalsjefen kan informere om at dei har starta innfasing mot nytt omsorgssenter som skal stå ferdig i mai 2018.
 Dei arbeider med oppfølging av tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i aukra kommune 2016. Det er utfordring med nokre tenestekvalitetar som ikkje er gode nok, seier Hovdenak.
 Det vert t.d. arbeidd med å betre kvalitet i pasientjournalssystemet, ha tilstrekkeleg med fagpersonar på alle vakter, kvalitet på rapport ved vaktskifte. Det er også endra rutinar for legevisitt, slik at sjukepleiar alltid følgjer vistitten. Dette gjer at ein får overført informasjon til institusjonen. Måltidsomlegging vert det også arbeidd med.
- Hovdenak seier at den omlegginga av pleie og omsorgstenestene som vil kome når nytt omsorgssenter står ferdig, vil føre til at kommunen får fleire trinn i «Omsorgstrappa». Det er mellomtrinnet, mellom heildøgns institusjonsplass og heimebaserte tenester, som har mangla. Her får ein no heildøgns omsorgsplassar. Det er heimebaserte tenester som får ansvar for heildøgns omsorgsplassar.
 Kommunalsjefen understreker at det vil vere fleksibilitet i det nye bygget som gjer at ein kan tilpasse ved endra omsorgsbehov.
 Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.
- OS 02/17 **Eigarskapsmelding for Aukra kommune** – Revidert i kommunestyret sitt møte 11.10.2016, K-sak 80/16.
 Kommunalsjef Geir Göncz informerte utvalet om arbeidet med Eigarskapsmelding for Aukra kommune.
 Innleiingsvis orienterte sekretær om ansvaret som kontrollutvalet i følge lova har for at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. For at kontrollutvalet skal kunne utføre sitt ansvar, så må kommunestyret vedta korleis kommune skal forvalte sitt eigarskap. Dette har kommunestyret gjort gjennom eigarskapsmeldinga. Det har også blitt vedtatt ein Plan for selskapskontroll for Aukra kommune 2016-2019. Det er i utgangspunktet ikkje lagt opp til nokon selskapskontroll i valperioden, sidan Aukra kommune har små eigardelar i mange selskap. Denne

orienteringa vil difor vere viktig for kontrollutvalet, for å få innsikt i dette ansvarsområdet for kontrollutvalet.

Geir Göncz orienterte om at eigarskapsmeldinga tidlegare var delt i to med ulik politisk behandling. Del 1 som var ei generell tilnærming til spørsmål om eigarskap var sist behandla i 2011. Del 2 som inneheld eigarstrategi for det einskilde selskap vart sist behandla i 2014. No er desse delane slått saman til eit dokument.

Göncz fortalte at dei hadde fått tips og råd frå Kommunerevisjonsdistrikt 2 i arbeidet med eigarskapsmeldinga.

Kommunalsjefen informere om at KS rår til årleg revisjon av eigarskapsmeldinga, men det meiner kommunestyret i Aukra ikkje er hensiktsmessig. Kommunen legg opp til revisjon i kvar valperiode. Ei note i årsmeldinga til kommunen med oversikt over kva selskap kommunen har eigardel i, dekkjer behovet for årleg revisjon av eigarskapsmeldinga.

Kommunalsjef Geir Göncz informerer om at kommunestyret har gjort vedtak om at kommunen skal trekke seg ut av to selskap der det har vore delt eigarskap mellom kommunen og privat eigar. Dette gjeld Aukra Gass AS, som allereie er effektivert, og Sund Bredband AS.

Kommunalsjef Geir Göncz svarte på spørsmål undervegs i orienteringa.

- OS 03/17 **Informasjonssikkerheit i Aukra kommune – overordna plan, Gjeldande i perioden 2017-2020, lagt fram for kommunestyret sitt møte 7.2.2017, K-sak 10/17.**
- OS 04/17 **Endring i forskrift om kommuners og fylkeskommuners finansforvaltning-kortsiktige lån – brev frå Kommunal og moderniseringsdeparterementet til kommunane daterte 15.11.2016.**
Sekretær viser til at no vert forskriftsfesta at i rapporteringa frå administrasjonen til kommunestyret skal opplystast om verdien av lån som forfell, og som må refinansierast innan 12 månadar.
- OS 05/17 **Informasjonsskriv 1/2016 – Valgt revisors ansvar for revisjonsoppgaver utført av andre, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Forvaltningsrevisjonskomité, datert 8.12.2016.**
Sekretær informerer om at dette er ei aktuell problemstilling dersom kontrollutvalet vel eit forvaltningsrevisjonsprosjekt som Møre og Romsdal Revisjon IKS ikkje har kompetanse til å gjennomføre, eller dersom revisjonsselskapet ikkje har kapasitet t.d. ved vakansar. Ved slike høver kan revisjonen måtte kjøpe tenester hos andre, og dette skrivet regulere då revisjonen sitt ansvar for at revisjonsstandardane vert haldt.
- OS 06/17 **Informasjonsskriv 7/2016 – Revisors vurderinger av vesentlighet med vekt på planleggingsfasen ved revisjon av regnskaper i kommunal sektor, skriv til NKRF sine medlemmar frå NKRF sin Revisjonskomité, datert 15.11.2016.**
Skrivet er laga av revisorar til revisorar og er difor noko vanskeleg tilgjengeleg for utvalet. Sekretær understrekar at skrivet også tek opp at det kan vere viktig for forståinga av revisor sitt arbeid med revisjon av kommunerekneskaper, at konseptet knytt til vesentlegheit vert kommunisert med kontrollutvalet.
Sekretær viste også til at kontrollutvalet i haust under orientering om revisjonsplan for revisjonsåret 2016, hadde stilt spørsmål knytt til vesentlegvurdering.
Rekneskapsrevisor June Fostervold svarte på spørsmål frå utvalet.
Utvalet var einige om at ein ville kome tilbake til kva vurderingar som vert gjort ved revisjonsplan for 2017.
- OS 07/17 **Forbundsbasert kvalitetskontroll vedr. Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal – 2016**
Kopi av rapport frå NKRF sin kvalitetskontrollkomite - forbundsbasert kvalitetskontroll utført 2016, samt Kommunerevisjonsdistrikt 2 Møre og Romsdal sine kommentarar til kontrollen, vart innleingsvis delt ut til medlemmene.

Orienteringa var unntatt offentleg jf. offentleglova § 13 og forvaltningslova § 13, 1.ledd nr. 2. Då dette er eit bedriftsinternt dokument. Møtet vart lukka under denne orienteringa. Dei som var tilstades var utvalsmedlemmene, sekretær og revisjonen.

Rekneskapsrevisor June Fostervold og forvaltningsrevisor Einar Andersen svarte på spørsmål frå utvalet.

Møtet vart opna att, etter denne orienteringssaka.

OS 08/17 **Presentasjon av Kontrollutvalgsssekretariatet for Romsdal si nettside www.kontrollutvalgromsdal.no**
Denne presentasjonen vart utsett til neste møte.

OS 09/17 **Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa**, sak frå oppfølgingslista. Utvalet ønskte å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.
Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet om tilsynet. Hovdenak seier at føremålet med tilsynet var å undersøke om kommunen som skuleeigar, skulen og lærarane gjev eleven kjennskap til dei måla som gjeld for opplæring i det enkelte fag. Hovdenak opplyser at forskning viser at dersom ein klarer å gje eleven forståing for måla med opplæringa, så gjev det auka motivasjon og større læringsutbytte. Derfor ønskjer fylkesmannen å undersøke korleis det står til på dette området.
Tilsynet tok for seg skulen sitt arbeide med opplæringa i fag, det vil seie opplæringsplanar. Samt undervegsvurdering, som vil seie tilbakemelding til eleven, for både ordinære elevar og elevar med særskilte behov.
Hovdenak seier at tilsynet eigentleg handlar om alt det skulen driv med.
På spørsmål frå utvalet om korleis ansvarsdeling er mellom pedagogisk konsulent og skulane, så understrekar kommunalsjefen at ansvaret ligg hos einingsleiarane.
Pedagogisk konsulent er ein støttefunksjon for skulane og barnehagane.
Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak svarte på spørsmål frå utvalsmedlemmene undervegs i orientringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

PS 03/17	VATN-UTSKIFTING AV ASBESTSEMENTRØR SANDEN-HUKKELBERG. SLUTREKNESKAP
-----------------	--

Kontrollutvalet si fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 8.2.2017 i sak 03/17 handsama sluttrekneskap for prosjekt 648011 **Vatn – Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg.**

Grunnlaget for handsaminga har vore sluttrapporten frå prosjektleiar, datert 18.1.2017, revisor sin uttale, datert 23.1.2017, samt orientering frå utbyggingssjef og prosjektleiar i kontrollutvalet sitt møte 8.2.2017.

Det var i K-sak 98/13 Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-17 gjort vedtak om godkjenning av ramme for prosjekt 648011 Vatn-Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg på kr. **4 900 000.-**. Prosjektet gjeld utfasing av gamle leidningar. Sluttrekneskapen for prosjektet viser ein kostnad på kr **5 408 778.-**. Dette gir eit meirforbruk på prosjektet på kr 508 778.-.

Prosjektet er finansiert gjennom investeringsbudsjettet.

Årsaka til meirforbruket ser ut til å vere at ein fann det hensiktsmessig å skifte ut røyr på to strekningar på Tangen og Korsvika, samstundes med prosjektet på Aukrasanden. Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt Reglement for investeringsprosjekt, skal sluttrekneskap leggast fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. Dette prosjektet vart avslutta pr. 31.12.2015.

Ut over det som kjem fram av sluttrapporten frå prosjektleiar og revisor sin uttale, har ikkje kontrollutvalet noko merknader til sluttrekneskapen for prosjektet 648011 Vatn-Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte innleiingsvis utvalet om bakgrunnen for at ho meiner at det bør vurderast om ein ved større utbyggingsprosjekt bør velje ein revisjon som gjev større tryggleik for at det ikkje er vesentlege feil i sluttrekneskapet, enn det ein forenkla revisjonskontroll som her er brukt kan gje. Sekretariatet vil kome tilbake med ei eiga sak om dette.

Dagen før møtet hadde utvalet sendt over to spørsmål til administrasjonen knytt til sluttrekneskapen, slik at dei kunne vere budd til å svare.

Spørsmåla som var sendt var:

- Dersom ein summerer beløpa i entreprisane og øvrige store innkjøp (jf. Protokollane) og legg til mva, så kjem vi fram til eit beløp på ca 3,3 mill kroner. Kva inngår då i restbeløpet på ca 1,8 mill. kroner for å kome til beløpet i sluttrekneskapen for postane 2301 Nybygg og 2501 matrialar nybygg på ca 5,1 mill kroner?
- I sluttrekneskapet så har ein ikkje kolonne for budsjett sett opp mot rekneskapstal. Er det mogeleg å få til dette for sluttrekneskapet sine hovudpostar?

Prosjektleiar Gerd Nerbø forklarar for utvalet differansen mot entreprisen. Prosjektleiar informerer at det i desse postane også ligg kostnader til skifting av sjøkabel, asfaltering og trykktesting. Kostnader til innkjøp av materialar var også større enn ein kunne føresjå. Prosjektleiar seier seg lei for at det i sluttrapporten manglar opplysningar om ein innkjøpsprotokoll frå eit anbod frå 2014 på 318.750,-. Denne protokollen er dessverre ikkje lagt ved. Denne protokollen var knytt til renovering av kloakk og utskiftinga av vassleidning på Hukkelberg.

Prosjekta vert ikkje budsjettert på artsnivå i kommunerekneskapet. Utbyggingssjef Terje Urdshals seier at kommunen budsjetterer etter Norsk Standard (NS) for utbyggingsprosjekta. Det ligg mykje kontroll i dette seier Urdshals. I tillegg så er det byggeleiarar som kontrollerer ute i felt at arbeidet går føre seg etter avtalane. Det er også minimum to som attesterer og tilviser alle fakturaer.

Dersom ein skal ha eit budsjett sett opp mot rekneskapstal, så må ein nytte eit anna oppsett. Urdshals foreslår då eit rekneskapsoppsett ut frå Norsk standard. Det vil gjere det meir samanliknbart med kalkyler og budsjett. Då det vil vere lettare å følgje prosjekt som går over år.

Utvalet gjev uttrykk for at det er tilstrekkeleg å få ei samanlikning mellom budsjett og rekneskap i fire-fem hovudpostar.

Møteleiar, Ole Rakvåg, seier at utvalet set pris på den gode dialogen med administrasjon for å få til forbetringar, slik at det vert lettare for politikarane til å halde seg orientert.

Det vart framsett forslag om at andre setning i sekretariatet sitt framlegg til fråsegn vert korrigert slik:

Grunnlaget for handsaminga har vore sluttrapporten frå prosjektleiar, datert 18.1.2017, revisor sin uttale, datert 23.1.2017, samt orientering frå utbyggingssejef og prosjektleiar i kontrollutvalet sitt møte 8.2.2017.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet sitt framlegg til fråsegn

Kontrollutvalet har i møte 8.2.2017 i sak 03/17 handsama sluttregneskap for prosjekt 648011 **Vatn – Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg.**

Grunnlaget for handsaminga har vore sluttrapporten frå prosjektleiar, datert 18.1.2017 og revisor sin uttale, datert 23.1.2017.

Det var i K-sak 98/13 Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-17 gjort vedtak om godkjenning av ramme for prosjekt 648011 Vatn-Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg på kr. **4 900 000.-**. Prosjektet gjeld utfasing av gamle leidningar. Sluttregneskapen for prosjektet viser ein kostnad på kr **5 408 778.-**. Dette gir eit meirforbruk på prosjektet på kr 508 778.-.

Prosjektet er finansiert gjennom investeringsbudsjettet.

Årsaka til meirforbruket ser ut til å vere at ein fann det hensiktsmessig å skifte ut røyr på to strekningar på Tangen og Korsvika, samstundes med prosjektet på Aukrasanden.

Etter pkt. 15 i Aukra kommune sitt Reglement for investeringsprosjekt, skal sluttregneskap leggst fram for politisk handsaming innan 1 år etter overtakingsforretning, eller overføring av ansvar og risiko. Dette prosjektet vart avslutta pr. 31.12.2015.

Ut over det som kjem fram av sluttrapporten frå prosjektleiar og revisor sin uttale, har ikkje kontrollutvalet noko merknader til sluttregneskapen for prosjektet 648011 Vatn-Utskifting av asbestsementrør Sanden-Hukkelberg.

PS 04/17	OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT «INFORMASJONSSIKKERHET I AUKRA KOMMUNE»
----------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tar administrasjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonsprosjektet **«Informasjonssikkerhet i Aukra kommune**, medrekna revisjonen si vurdering av kommunen si oppfølging datert 24.1.2017, til orientering.

Kontrollutvalet ønskjer hausten 2017 å følgje opp attståande arbeid med å implementere rutinar, inngåing av databrukaravtalar og avvikshandtering

Kontrollutvalet si handsaming

Forvaltningsrevisor Einar Andersen seier at revisjonen har vurdert arbeidet som kommunen har gjort, og ser at mykje er på plass. Plan for informasjonssikkerheit i Aukra kommune vart behandla i kommunestyret 7.2.2017. Andersen seier at dette forvaltningsrevisjonsprosjektet var eit fint prosjekt å arbeide med. Kontrollutvalet valte eit konkret prosjektet ut frå eit risikoområde, regelverket var klart, slik at det var enkelt å sjekke ut om kva som var på plass og kva som manglar, og prosjektet har fått resultat.

Servicesjef Aaslaug Søreide seier at administrasjonen har brukt mykje tid på å følge opp anbefalingane. Mellom anna har dei sett behov for å heve kompetanse på dette feltet. To tilsette har tatt 15 studiepoeng på Høgskolen på Lillehammer. Søreide understrekar at det er eit komplisert regelverk.

Kommunen har hatt ei prosjektgruppe som har arbeidd med anbefalingane. Det er no etablert ei leing for informasjonstryggleiksarbeidet. I denne organiseringa er Aaslaug Søreide sikkerheitsansvarleg, ho har også med seg ein sitkkerheitsrådgjevar. Rådmannen har det øvste ansvaret.

Det som vert viktig no er implementering i heile organisasjonen. Dette vil vere hovudfokus i 2017. Det vert starta med å gjere ei risikoanalyse med fire fokusområdet + nokre områder som er spesielt for den einskilde eininga.

Det skal også haldast eit ½ dagsmøte med dette temaet i leiargruppa. Etter dette får einingsleiarane ansvar for opplæring av sine tilsette. Målet er at ein skal gå over i ei driftsfase i 2018. Det skal i tillegg nyttast e-læringsprogram.

Forvaltningsrevisor understrekar at det er svært viktig at ein har ei forankring i leiinga, samt implementering ute i organisasjonen.

Servicesjef Aaslaug Søreide informerte også utvalet litt om kommunen sitt internkontrollsystem, Compilo. Dette er rådmannen sitt styringssystem. I systemet ligg det overordna planar, prosedyrar, retningsliner og ein kan nytte systemet til avviksrapportering og risikoanalyser. Alle tilsette har tilgang til systemet, men det er dessverre ikkje alle einingane som har tatt det i bruk enda. Nokre av einingane nyttar andre system til avviksrapportering. Det gjeld både pleie og omsorg, teknisk og NAV. Det vert arbeidd med å få til integrering mot desse systema, slik at ein slepp å nytte fleire system.

Servicesjef Aaslaug Søreide svarte på spørsmål frå utvalet undervegs i orienteringa.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 05/17	REVISJONEN SIN RAPPORT TIL KONTROLLUTVALET FOR 2. HALVÅR 2016
----------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 2. halvår 2016 til orientering.

Kontrollutvalet ber om at revisjonen ved neste halvårsrapport rapporterer status frå revisjonen på utpeika revisjons- og risikoområder i revisjonsplanen.

Kontrollutvalet si handsaming

Sekretær orienterte om bakgrunnen for tilrådinga om ei grundigare rapportering enn det som har vore gjort tidlegare, særskilt når det gjeld rekneskapsrevisjon. Dette for at kontrollutvalet skal få betre innsikt i revisjonen sitt arbeid kva som vert avdekt. Dette gjev kontrollutvalet eit betre grunnlag for vurdering av kontrollhandlingar.

Forvaltningsrevisor Einar Andersen seier at han har forståing for det som er påpeika. Han kan ikkje gje noko lovnader på vegne av det nye selskapet, men at det er naturleg at sekretariatet, på vegne av kontrollutvalet, tek dette opp i møte med revisjonen når det no bl.a. skal arbeidast med oppdragsavtalar mellom revisjon og kontrollutval.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 06/17	KONTAKT TIL KONTROLLUTVALET - TILSETJINGSRUTINAR
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet tek tilbakemelding til kontrollutvalet frå kommunen sin administrasjon til orientering.

Kontrollutvalet si handsaming

Møtet vart lukka under handsaming av denne saka. Med heimel i kommunelova § 31 pkt 2, Offentleglova § 25 unntak for tilsetjings saker.

For utan utvalsmedlemmene og sekretær, var også revisor og personalsjef i Aukra kommune tilstades under handsaming av denne saka.

Sekretær orienterte utvalet om bakgrunn for saka og utvalet fekk utdelt saksframlegg med vedlegg.

Bakgrunnen for saka var at ein søkjar til ei stilling i Aukra kommune i desember tok kontakt med kontrollutvalet, då han hausten 2016 hadde opplevde ein uryddig tilsetjingsprosess.

Personalsjefen beklagar at det i avslagsbrevet som vart sendt dei søkjarane som ikkje fekk stillinga, vart nytta stillingstittelen til den som vart tilsett og ikkje den tittelen som vart nytta i utlysningsteksten.

Kontrollutvalet ser ikkje at det har skjedd brot på tilsetjingsreglement, men kommunikasjonen med søkjarane skulle vore tydelegare.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

Møtet vart opna att, før handsaming av neste sak.

PS 07/17	KONTROLLUTVALET. ÅRSMELDING FOR 2016
-----------------	---

Kontrollutvalet sitt vedtak

Kontrollutvalet vedtar årsmeldinga for 2016. Saka vert lagt fram for kommunestyret med følgjande innstilling:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teke til vitande.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til årsmeldinga i møte.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 08/17	MØTEPLAN FOR 2017
-----------------	--------------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande møteplan for 2017 vert godkjend:

Veke	Dato	Møte nr	Saker til behandling
6	08.02.	1/17	<ul style="list-style-type: none">▪ Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport▪ Sluttrekneskap▪ Kontrollutvalet si årsmelding for 2016▪ Revisjonen sin rapport for 2. halvår 2016▪ Møteplan for 2017
18	03.05.	2/17	<ul style="list-style-type: none">▪ Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2016 for Aukra kommune
24	14.06.	3/17	<ul style="list-style-type: none">▪ Økonomirapport 1. tertial 2017▪ Bestilling av forvaltningsrevisjonsprosjekt
39	27.09.	4/17	<ul style="list-style-type: none">▪ Revisjonen sin rapport til kontrollutvalet for 1. halvår 2017▪ Revisjonsplan for revisjonsåret 2017▪ Prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt▪ Budsjett for kontroll og tilsyn for 2018▪ Økonomirapport for 2. tertial 2017
47	20.11.	5/17	<ul style="list-style-type: none">▪ Verksemdbesøk▪ Sluttrekneskap?

Kontrollutvalet sin leiar, i samråd med sekretariatet, vert gjeve fullmakt til å foreta endringar av møtedatoar dersom det vert naudsynt.

Kontrollutvalet si handsaming

Det framkom ingen merknader til møteplanen i møtet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding (5 voterande)

PS 09/16	OPPFØLGINGSLISTE
----------	------------------

Kontrollutvalet sitt vedtak

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

Revidering av gjeldande økonomireglement i Aukra kommune

Eit økonomireglement skal beskrive hovudreglane for den økonomiske styringa av kommunen si verksemd. Reglementet bør klargjere ansvaret mellom det politiske og det administrative nivået i kommunen og beskrive kommunen sine interne reglar og fullmakter.

Økonomireglementet bør innehalde kommunen sine vedtak om økonomiplan, budsjett, rapportering, rekneskap og årsrapport. Økonomireglementet kan supplere delegeringsreglementet når det gjeld økonomisaker. Aukra kommune sitt økonomireglement er frå 2005 og vart revidert i desember 2009. Eit økonomireglement bør rullerast og oppdaterast jamleg.

Kontrollutvalet har oppmoda administrasjonen i kommunen om å revidere gjeldande økonomireglement slik at det er i samsvar med praksis og skriftleg bedt om at økonomireglementet vert revidert. Økonomiavdeling hadde ikkje kapasitet i 2014, 2015 eller 2016 til å sette i gang arbeidet med revidering av gjeldande økonomireglement. Kontrollutvalet ønskjer å følgje denne saka vidare. Saka vert ført frå oppfølgingslista for 2014, 2015, 2016 og til oppfølgingslista for 2017.

Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune

Aukra kommune har gjort ei omorganisering av pleie- og omsorgstenesta ved å dele tenesta i to med ei eining for Institusjonstenester og ei for Heimetenester. Hensikta med omorganiseringa er at det skal bli ei betre teneste for brukarane. Kontrollutvalet fekk ei orientering frå kommunen sin administrasjon i møte 02.10.2014. Bakgrunn for delinga er utfordringane med Samhandlingsreforma, revidert lovverk og forskrifter. Tenestene vil i framtida bli meir basert på kva brukarane rettmessig har krav på og skal tildelast etter vedtak. Kontrollutvalet ønskjer å følgje denne saka vidare. Saka vert ført frå oppfølgingslista for 2014, 2015, 2016 og til oppfølgingslista for 2017.

08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte jf. OS 01/17. Kontrollutvalet vil følgje med på omstillingsprosessen knytt til det nye omsorgssenteret, men avsluttar oppfølging av denne saka.

Oppfølging av politiske vedtak

Kontrollutvalet ønskjer å få framlagt oversikt over politiske vedtak som av ulike årsaker ikkje er vorte satt i verk innan rimeleg tid. Oversikta skal gjere greie for vedtak fatta av politiske utval med avgjerdsmynde. Hensikta med å få ei slik oppstilling er å sjå til at administrasjonen sett i verk og gjennomfører vedtak som er gjort. Kontrollutvalet har oppmoda om at ei slik oversikt vert lagt inn i tertialrapporteringa til kommunestyret. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp til ein ser at dette er kome på plass.

Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

Endeleg tilsynsrapport, skolen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, Aukra kommune – Gossen barne- og ungdomsskole (3 avvik). Utvalet frekk framlagt rapporten i dagens møte (OS 16/16). Kontrollutvalet ønskjer å få tilsendt kommunen sitt svar til fylkesmannen om korleis dei har lukka avvika og fylkesmannen sitt tilsvaret til kommunen. Utvalet ønskjer også å få ei orientering frå administrasjonen om innhaldet i tilsynet, då dei syntes det var vanskeleg å få ei forståing for dette fagfeltet ut frå denne tilsynsrapporten.

08.02.17: Kommunalsjef Jan Erik Hovdenak orienterte utvalet, jf. OS 09/17. Utvalet ønskjer å følgje saka til etter at grunnskulen sin tilstandsrapport for 2017 vert lagt fram, for å sjå om ein kan spore forbetringar.

Tilsyn med tvungen helsehjelp etter pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A i Aukra kommune 2016

Fylkeslegen har hatt tilsyn og avdekt to avvik knytt til; Avvik 1: Aukra kommune sikrar ikkje at tilsette ar nødvendig kunnskap om pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Avvik 2: Aukra kommune sikrar ikkje at helsehjelp til pasientar i sjukeheim blir vurdert i tråd med reglane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 4A. Kontrollutvalet ønskjer å følgje opp dette tilsynet også i lys av at tidlegare forvaltningsrevisjonsrapport «Kvalitet i sykehjemstjenester i Aukra kommune» som avdekte utfordringar med å sikre tilstrekkeleg bemanning og kompetanse ved Aukraheimen.

Informasjon om prosess knytt til Aukra omsorgssenter

Kontrollutvalet drøfta i møte 25.04.16 sak 12/16 Eventuelt mottatt spørsmål om evaluering av løsningsforslag knytt til Aukra omsorgssenter. Utvalet konkluderte med at dette ikkje var ei sak for kontrollutvalet. For å bidra til ein open organisasjon, oppmodar kontrollutvalet rådmannen om å nytte kommunen si heimeside til å belyse avgjerdsprosessen, i tillegg til å gje informasjon om vidare steg i prosessen knytt til Aukra omsorgssenter. Heimesida er ein nyttig informasjonskanal også for framtidige prosjekt. Utvalet ønskjer å følgje opp om oppmodinga er blitt fulgt.

08.02.17: Kontrollutvalet ønskjer at det på kommunen si heimeside jamleg vert informert om milepelar ved etablering av omsorgssenteret.

Kontrollutvalet si handsaming

Utvalet gjekk i gjennom dei sakene som var lista opp i saksframlegget.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til følgjande saker på oppfølgingslista:

- **Ny organisering av pleie og omsorgstenestene i Aukra kommune**
- **Tilsynsrapport. Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa**

I tillegg til sekretæren sitt forslag til kva saker som vert ført på oppfølgingslista for 2017, så ønskjer utvalet å vidareføre denne saka:

- **Informasjon om prosess knytt til Aukra omsorgssenter**

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer (5 voterande)

Sekretariatet si tilråding

Følgjande saker vert ført opp på oppfølgingslista:

PS 10/17	EVENTUELT
----------	-----------

Referat frå NKRF sin kontrollutvalgskonferanse

Denne orienteringa vert utsett til neste møte.

Deltaking på Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) sin fagkonferanse og årsmøte 2017 i Tromsø 7. og 8. juni 2017

Utvalet diskuterte deltaking på FKT sin fagkonferanse og årsmøte. Programmet er ikkje klart enda, men påmeldingsfristen vil vere før neste kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Utvalet ønskjer at utvalsleiar Oddvar Hoksnes og utvalsmedlem Wilhelm Andersen deltek. Som vara, dersom nokon må melde forfall, vert nestleiar Ole Rakvåg.

Invitasjon til kurs i kommunalt rekneskap

Sekretær delte ut invitasjon til rekneskapskurs. Fylkeskommunen arrangerer 2. mars kurs for sitt kontrollutval, og inviterer også kontrollutvalsmedlemmer frå andre kontrollutval i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane til å delta. Kurset kostar 900,- pr. deltakar.

Tema er: kommuneøkonomi i Møre og Romsdal, Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapet, Sentrale moment for å forstå kommunale rekneskap.

Utvalet diskutert om nokon frå utvalet skulle delta på kurset.

Konklusjon

Nestleiar Ole Rakvåg og utvalsmedlem Wilhelm Andersen deltek på rekneskapskurset.

Ole Rakvåg
nestleiar

Wilhelm Andersen

Oddbjørg Sporsheim

Håkon Inge Sporsheim

Jørgen Svenheim

Jane Anita Aspen
sekretær



Saksframlegg

Utvallssaksnr	Utval	Møtedato
PS 12/17	Kontrollutvalet	3.5.2017

REFERAT OG ORIENTERINGAR

Sekretariatet si tilråding

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

Bakgrunn for saka

Referatsaker:

- RS 07/17 **Kontrollutvalet – Årsmelding for 2016** – utskrift av protokoll frå kommunestyret sitt møte 14.3.2017 i k-sak 28/17 (vedlagt)
- RS 08/17 **Vurdering av uavhengighet** – Skriftleg eigenvurdering frå oppdragsansvarleg revisor datert 21.4.2017 (vedlagt)

Orienteringssaker:

- OS 10/17 **Årsrapport og regnskap for 2016 – Skatteoppkreveren i Aukra kommune** (vedlagt)
- OS 11/17 **Kontrollrapport 2016 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Aukra kommune** – brev frå Skatteetaten, Skatt Midt-Norge, datert 15.2.2017 (vedlagt)
- OS 12/17 **Lukka avvik etter forvaltningskontroll 2016 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, «Gardskartprosessen»** –saksframlegg i formannskapet 30.01.2017, sak 6/17. (vedlagt)
- OS 13/17 **Barnevern** – kopi av Forum for Kontroll og Tilsyn (FKTs) e-post datert 3.4.2017 til Foreningen Familie i barnevern, som kommentar til e-post fra Foreningen Familie i barnevern til alle landets ordførere (vedlagt)
- OS 14/17 **Foreløpige KOSTRA-tall Barnevern 2016**, oversikt tatt ut fra artikkel i Kommunal Rapport, publisert 16.3.2017 (vedlagt).
- OS 15/17 **Rapport finansforvaltning pr. 31.12.16** – saksframlegg til møte i kommunestyret 25.4.2017, sak 34/17.



Aukra kommune

Arkivsak: 2016/247-25
Arkiv: 026
Saksbeh: Anita Raknes Otterlei
Dato: 07.03.2017

Saksframlegg

Utv.saksnr.:	Utval:	Møtedato:
07/17	Kontrollutvalet	08.02.17
28/17	Kommunestyret	14.03.2017

Kontrollutvalet - Årsmelding for 2016

Kontrollutvalet si tilråding:

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teken til vitande

Saksprotokoll i Kommunestyret - 14.03.2017

Behandling

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedtatt

Vedtak

Kontrollutvalet si årsmelding for 2016 vert teken til vitande

Vedlegg

- 1 Sak 7/17 i Kontrollutvalet
- 2 Kontrollutvalet si årsmelding for 2016
- 3 Kontrollutvalet - Handsama saker i 2016

Særutskrift: Kontrollutvalet /Jane Anita Aspen

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenr:	1547
Date:	15 MAR 2017
Saks og Arkivnr:	1547
Arkivkode:	033
Løpnr:	072/17
Gradering:	

Bakgrunn:

Kontrollutvalet handsama i møte den 08.02.17, sak 7/17, årsmeldinga for 2016

Det er kontrollutvalet som legg fram denne saka direkte til kommunestyret, og kontrollutvalets saksframlegg med innstilling til kommunestyret følgjer som vedlegg

Rett utskrift 15.03.17

Anita Raknes Otterlei
Formannskapssekr.

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Til kontrollutvalget i
Aukra kommune

Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal	
Kommunenumr: 1547	
Dato: 21 APR 2017	
Saks og Arkivnr: 1547	Løpenumr: 141/17
Arkivkode: 216	Gradering:

Vurdering av uavhengighet

Innledning

Ifølge forskrift om revisjon § 15 skal oppdragsansvarlig revisor minimum hvert år avgi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget. Undertegnede tok over som oppdragsansvarlig revisor for revisjon av **Aukra kommune** i mars 2017.

Krav til uavhengighet og objektivitet gjelder også for revisors medarbeidere, men det er kun oppdragsansvarlige revisorer som plikter å legge fram en skriftlig vurdering for kontrollutvalget. I Møre og Romsdal Revisjon IKS' (heretter benevnt som MRR) revisjonsplaner inngår vurdering av uavhengigheten til hver enkelt revisor i kommunens revisjonsteam som et eget punkt i revisjonsplanen. Oppdragsansvarlig revisors skriftlige egenvurdering skal ligge som et vedlegg til dette punktet.

Både kommuneloven (§ 79) og forskrift om revisjon (kap. 6) setter krav til revisors uavhengighet. Kravene er nærmere beskrevet nedenfor.

Lovens og forskriftens krav til uavhengighet

I flg. Kommuneloven § 79 og § 13 i forskrift om revisjon kan den som foretar revisjon ikke:

1. være ansatt i andre stillinger i kommunen eller i virksomhet som kommunen deltar i
2. være medlem av styrende organer i virksomhet som kommunen deltar i
3. delta i, eller ha funksjoner i annen virksomhet, når dette kan føre til at vedkommendes interesser kommer i konflikt med interessene til oppdragsgiver, eller på annen måte er egnet til å svekke tilliten til den som foretar revisjon
4. ha nærstående (ektefelle, samboer, nære slektninger), som har slik tilknytning til revidert at det kan svekke revisors uavhengighet og objektivitet.

I tillegg stiller loven § 79 og forskriften § 14 følgende begrensninger:


5. revisor kan ikke utføre rådgivnings- eller andre tjenester der dette er egnet til å påvirke eller reise tvil om revisors uavhengighet og objektivitet
6. revisor kan ikke yte tjenester som hører inn under den revisjonspliktiges (dvs. kommunens) egne ledelses- og kontrolloppgaver
7. revisor kan ikke opptre som fullmektig for den revisjonspliktige, unntatt ved bistand i skattesaker etter domstoloven
8. det må ikke foreligge andre særegne forhold som er egnet til å svekke tilliten til revisors uavhengighet og objektivitet ved gjennomføring av revisjonsoppgavene.

MØRE OG ROMSDAL REVISJON IKS

Revisors egenvurdering av punktene ovenfor

Pkt. 1: Ansettelsesforhold	<i>Undertegnede har ikke ansettelsesforhold i andre stillinger enn i Møre og Romsdal Revisjon IKS</i>
Pkt. 2: Medlem i styrende organer	<i>Undertegnede er ikke medlem av styrende organer i noen virksomhet som kommunen deltar i.</i>
Pkt. 3: Delta eller inneha funksjoner i annen virksomhet, som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit	<i>Undertegnede deltar ikke i eller innehar funksjoner i annen virksomhet som kan føre til interessekonflikt eller svekket tillit til rollen som revisor.</i>
Pkt. 4: Nærstående	<i>Undertegnede har ikke nærstående som har tilknytning til kommunen som har betydning for min uavhengighet og objektivitet.</i>
Pkt. 5: Rådgivnings- eller andre tjenester som er egnet til å påvirke revisors habilitet	<p><i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes rådgivnings- eller andre tjenester overfor Aukra kommune som kommer i konflikt med denne bestemmelsen.</i></p> <p><i>Før slike tjenester utføres av MRR foretas en vurdering av rådgivningens eller tjenestens art i forhold til revisors uavhengighet og objektivitet. Dersom vurderingen konkluderer med at utøvelse av slik tjeneste kommer i konflikt med bestemmelsen i forskriften § 14, skal revisor ikke utføre tjenesten. Hvert enkelt tilfelle må vurderes særskilt.</i></p> <p><i>Revisor besvarer daglig spørsmål/henvendelser som er å betrakte som veiledning og bistand og ikke revisjon. Paragrafen sier at også slike veiledninger må skje med varsomhet og på en måte som ikke binder opp revisors senere revisjons- og kontrollvurderinger.</i></p>
Pkt. 6: Tjenester under kommunens egne ledelses- og kontrollopgaver	<i>Undertegnede bekrefter at det for tiden ikke ytes tjenester overfor Aukra kommune som hører inn under kommunens egne ledelses- og kontrollopgaver.</i>
Pkt. 7: Opptre som fullmektig for den revisjonspliktige	<i>Undertegnede bekrefter at verken revisor eller MRR for tiden opptre som fullmektig for Aukra kommune.</i>
Pkt. 8: Andre særegne forhold	<i>Undertegnede kjenner ikke til andre særegne forhold som er egnet til å svekke tillitten til min uavhengighet og objektivitet.</i>

Molde, 21.04.2017



Ronny Rishaug
Oppdragsansvarlig revisor


Møre og Romsdal Revisjon IKS
Org. nr. 917 802 149



Kontrollutvalgsekretariatet for Romsdal	
Kommunenr. 1547	
Dato: 2. MAR 2017	
Saks og Arkivnr. 1547	Løpenr. 062/17
Arkivkode: 232	Gradering: —

Årsrapport for 2016

Skatteoppkreveren i Aukra kommune



Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse	4
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret	4
1.4 Skatteutvalg	4
2. Skatteregnskapet.....	4
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	4
2.2 Margin	5
2.2.1 Margin for inntektsåret 2015.....	5
2.2.2 Margin for inntektsåret 2016.....	5
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	5
3. Innfordring av krav	5
3.1 Restanseutviklingen.....	5
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	5
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser.....	6
3.1.3 Restanser eldre år	6
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år.....	6
3.2 Innfordringens effektivitet.....	6
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2016	6
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	6
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	7
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen	7
3.3 Særnamskompetanse.....	7
4. Arbeidsgiverkontroll.....	7
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	7
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	7
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen.....	7
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	8
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører	8
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak.....	8

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret	8,5	100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap	1,0	11,8 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift	4,9	57,6 %
Arbeidsgiverkontroll	2,2	25,9 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		%
Skatteutvalg		%
Administrasjon	0,4	4,7%
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Fra 01.01.2016 fikk kontoret ansvaret for skatteoppkreverfunksjonen for Nesset kommune. Kontoret har nå ansvaret for skatteoppkreverfunksjonen for Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra. Dette innebærer at kontoret er registrert i Brønnøysundregisteret med eget undernummer under Molde kommune med navnet Romsdal kemnerkontor. Kontoret er samlokalisert med Skattekontoret i Molde.

Kontoret har i 2016 hatt en grunnbemanning på 9,0 årsverk. Permisjon og sykemeldinger gjør at kontoret i 2016 har hatt 8,5 årsverk. Av den totale bemanningen har 0,16 årsverk vært utleid til regnskapskontroll for Fræna kommune.

Alle saksbehandlere har i 2016 jobbet med skatteyttere både i Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra kommuner. Innfordring av personlige skatter er fordelt mellom tre personer i 100 % stillinger, Unni Hoem, Stine Ugelvik Kanestrøm og Erna Småge. Stine Ugelvik Kanestrøm var ute i fødselspermisjon store deler av første halvår. Astrid Lillebostad og Elisabeth Gjerde har innfordringen av alle typer krav vedrørende upersonlige skatteyttere. I tillegg er føring av skatteregnskapet og arkivering tillagt disse. Kontoret har to kontrollører som i sin helhet jobber med regnskapskontroll, Gunnar Vilnes og Reidun Sunde. I tillegg til Molde, Vestnes, Nesset, Midsund og Aukra, utfører kontoret regnskapskontroller for Fræna kommune. Alf Magne Slemmen har ansvaret for utleggsforretninger og tyngre innfordring av alle skattearter. Steinar Mundal leder seksjonen og har diverse saksbehandling. Skatteoppkreveren for Molde, Vestnes, Midsund, Nesset og Aukra er Kurt Magne Thrana som også er økonomisjef i Molde kommune.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Kontoret mener å være riktig bemannet i forhold til oppgavene når alle ansatte er på plass. Kompetansen på seksjonen er god. Kontoret vil fortsatt være offensive i forhold til å oppdatere medarbeiderne faglig sett.

1.2 Internkontroll

Rutinebeskrivelse ble utarbeidet og innsendt våren 2011. Rutinebeskrivelsene blir oppdatert løpende.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Aukra kommune hadde en total skatte- og avgiftsinngang i 2016 på kr. 399 492 916. For 2015 var tilsvarende skatte- og avgiftsinngang kr. 386 377 274. Dette gir en økning i skatte- og avgiftsinngangen med kr. 13 115 642 eller en økning på 3,39 pst.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret

Kommunens andel av skatteinngangen i 2016 er kr. 97 275 911. Aukra kommune hadde for 2016 budsjettetert med en skatteinngang på kr 99 142 000. Inngangen er 1,9 mill. kroner lavere enn budsjettetert og 5,7 mill. kroner høyere enn i 2015. Økningen utgjør 6,2 pst mot en budsjettetert økning på 8,3 pst.

1.4 Skatteutvalg

Det er ikke oversendt lempingssaker til Skatteutvalget i 2016.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Aukra kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2016 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere av 8.april 2014 § 3-3 nr. 2.

Årsregnskapet for 2016 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2015

Innestående margin for inntektsåret 2015, pr. 31.10.2016	kr	3 177 976
For mye avsatt margin for inntektsåret 2015	kr	3 177 966

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10%.

2.2.2 Margin for inntektsåret 2016

Marginavsetning for inntektsåret 2016, pr. 31.12. 2016	kr	28 941 104
--	----	------------

Gjeldende prosentats marginavsetning: 10%.

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Størrelsen på marginavsetningen anses som tilfredsstillende.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2016	Herav berostilt restanse 31.12.2016	Restanse 31.12.2015	Herav berostilt restanse 31.12.2015	Endring i restanse	
					Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse
Sum restanse pr. skatteart	4 684 562	0	4 551 747	0	132 815	
Arbeidsgiveravgift	57 512	0	70 913	0	-13 401	
Artistskatt	0	0	0	0	0	
Forsinkelsesrenter	865 915	0	1 013 528	0	-147 613	
Forskuddsskatt	27 251	0	0	0	27 251	
Forskuddsskatt person	169 562	0	47 067	0	122 495	
Forskuddstrekk	14 531	0	160 141	0	-145 610	
Gebyr	0	0	0	0	0	
Innfordringsinntekter	43 701	0	55 814	0	-12 113	
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0	0	0	0	0	
Kildeskatt	0	0	0	0	0	
Restskatt	155 406	0	27 601	0	127 805	
Restskatt person	3 350 684	0	3 176 683	0	174 001	

Sum restanse diverse krav	0	0	0	0	0	
Diverse krav	0	0	0	0	0	
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	4 684 562	0	4 551 747	0	132 815	

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Restansesituasjonen er tilfredsstillende og kommunen mener å ha kontroll på restansene og utviklingen i restansene.

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debit)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2014	755 866	690 228
2013	934 229	928 608
2012	317 467	308 971
2011 – 19XX	1 352 150	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Kontoret har fokus på eldre restanser og følger det opp parallelt med nyere krav.

Antall krav som var foreldet pr. 31.12.2016: 2

Samlet beløp på krav som var foreldet pr. 31.12.2016: kr. 7 296

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2016.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2016

Kontorets innfordringsresultater er tilfredsstillende. I forhold til avtalte innfordringsmål har kontoret ikke nådd målet for restskatt for personlige skatteyttere. Dette gjelder to skatteyttere hvorav den ene har gjeld til flere kommuner. Vedkommende har nå flyttet fra kommune.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Kontoret betjener fem kommuner og hver saksbehandler har samme nummerserie (fødselsnummer/organisasjonsnummer) i alle kommunene. Kontoret arbeider målrettet og rutinemessig, en strategi som gir gode resultater

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Ingen spesielle forhold å omtale.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Kontoret vil jobbe ut ifra samme retningslinjer også i 2016.

3.3 Særnamskompetanse

Kontoret har benyttet særnamskompetansen i stor grad i flere år med hell. Ved bruk av egen namsmann kommer kontoret tidlig på banen og oppnår god kontakt med skatteyterne. Erfaringen er at dette gir gode innfordringsresultater og bidrar til en nyttig dialog med skatteyter.

4. Arbeidsgiverkontroll

4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen

